

Utviklingsavdelinga

Jf adresseliste
Likelydande brev sendt ut i fleire variantar

Arkivkode	Vår ref.	Dykker ref.	Dato
M30	09/639 - Aaker		30.07.2009

AVLAUPTILHØVA GNR BNR VEGNAMN VEGNR PÅ SANGEFJELL

Brev 1a

Med heimel i forureiningslova, forureiningsforskrifta og forvaltingslova varsler Ål kommune om at utsleppet av avlaupsvatn frå fritidseigedommen dykker på Sangefjell er ulovleg med følgjande grunngjeving:

Det er registrert at det er innlagt vatn i hytta utan at det føreligg gyldig utsleppsløyve.

Me varsler med dette om at du i løpet av hausten vil motta eit pålegg om å kople deg til nytt planlagt felles avlaupsledning frå Sangefjellområdet.

Me ber deg om å sende eventuelle merknader til dette førehandsvarselet pr brev til Ål kommune snarast og seinast innan 4 veker.

Viss du likevel ikkje har innlagt vatn på hytta, ber me om skriftleg varsel om det. Ål kommune kan ikkje pålegge hyttene å ha innlagt vatn, men vil gjerne vite om du i framtida er interessert i å legge inn vatn og om det er aktuelt å kople seg på eit framtidig felles anlegg.

Viss du utan at Ål kommune har oversikt over det, meiner å ha gyldig utsleppsløyve ber me om at du sender uss kopi av dette løyvet slik at me kan rette opp våre opplysningar. I så fall ber me om orsaking for å ha sendt dette varselet.

Me minner om informasjonsmøtet om utbygginga av felles avlaupsanlegg for Sangefjell fredag 14. august kl 18. Møtet vert på kommunestyresalen på Tingstugu (kommunehuset med inngang servicetorget) og ikkje på grendahuset i Breie slik det tidlegare var varsla.

Brev 1b

Med heimel i forureiningslova, forureiningsforskrifta og forvaltingslova varsler Ål kommune om at utsleppet av avlaupsvatn frå fritidseigedommen dykker på Sangefjell er ulovleg med følgjande grunngjeving:

Avlaup frå hytta er tilkopla felles avlaupsanlegg på Sangelitippen som ikkje fungerer då ledningsnettet er lekk og anlegget ikkje er bygd i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

Me varsler med dette om at du i løpet av hausten vil motta eit pålegg om å kople deg til nytt planlagt felles avlaupsledning frå Sangefjellområdet.

Me ber deg om å sende eventuelle merknader til dette førehandsvarselet pr brev til Ål kommune snarast og seinast innan 4 veker. Viss våre opplysningar ikkje stemmer, ber me om at du varsler Ål skriftleg om det slik at me kan rette opp våre opplysningar. I så fall ber me om orsaking for å ha sendt dette varselet.

Me minner om informasjonsmøtet om utbygginga av felles avlaupsanlegg for Sangefjell **fredag 14. august kl 18.** Møtet vert på **kommunestyresalen på Tingstugu** (kommunehuset med inngang servicetorget) og ikkje på grendahuset i Breie slik det tidlegare var varsle.

Brev 1c

Med heimel i forureiningslova, forureiningsforskrifta og forvaltingslova varsler Ål kommune om at utsleppet av avlaupsvatn frå fritidseigedommen dykkar på Sangefjell er ulovleg med følgjande grunngjeving:

Det er registrert at det er utslepp frå WC i hytta til tett tank utan at det føreligg gyldig utsleppsløyve.

Me varsler med dette om at du i løpet av hausten vil motta eit pålegg om å kople deg til nytt planlagt felles avlaupsledning frå Sangefjellområdet.

Me ber deg om å sende eventuelle merknader til dette førehandsvarselet pr brev til Ål kommune snarast og seinast innan 4 veker. Viss du utan at Ål kommune har oversikt over det, meiner å ha gyldig utsleppsløyve ber me om at du varsler uss skriftleg eller sender uss kopi av dette løyvet slik at me kan rette opp våre opplysningar. I så fall ber me om orsaking for å ha sendt dette varselet.

Me minner om informasjonsmøtet om utbygginga av felles avlaupsanlegg for Sangefjell **fredag 14. august kl 18.** Møtet vert på **kommunestyresalen på Tingstugu** (kommunehuset med inngang servicetorget) og ikkje på grendahuset i Breie slik det tidlegare var varsle.

Brev 2

Me viser til tidlegare informasjon om eventuell utbygging av felles avlaupsanlegg for Sangefjell. I følgje Ål kommune sine opplysningar har dykkar fritidseigedom gyldig utsleppsløyve med utslepp frå WC til tett tank. Utsleppsløyvet er mellombels med vilkår om tilkopling når nytt felles avlaupsanlegg vert bygd.

Viss desse opplysningane ikkje stemmer, ber me om at du skriftleg varsler Ål kommune om det innan 4 veker.

Me minner om informasjonsmøtet om utbygginga av felles avlaupsanlegg for Sangefjell **fredag 14. august kl 18.** Møtet vert på **kommunestyresalen på Tingstugu** (kommunehuset med inngang servicetorget) og ikkje på grendahuset i Breie slik det tidlegare var varsle.

Brev 3

Me viser til tidlegare informasjon om eventuell utbygging av felles avlaupsanlegg for Sangefjell. I følgje Ål kommune sine opplysningar har dykkar fritidseigedom gyldig utsleppsløyve med utslepp frå WC til tett tank. Viss desse opplysningane ikkje stemmer, ber me om at du skriftleg varsler Ål kommune om det innan 4 veker. Ål kommune kan viss det vert naudsynt oppheve tidlegare løyve då utslepp til tett tank ikkje er ei framtdsretta løysing og berre skal nyttast i særskilte tilfelle. Dette vil me eventuelt koma attende til i løpet av neste år når me veit meir om framdrift og oppslutning om eit eventuelt fellesanlegg.

Me minner om informasjonsmøtet om utbygginga av felles avlaupsanlegg for Sangefjell **fredag 14. august kl 18.** Møtet vert på **kommunestyresalen på Tingstugu** (kommunehuset med inngang servicetorget) og ikkje på grendahuset i Breie slik det tidlegare var varsle.

Brev 4

Me viser til tidlegare informasjon om eventuell utbygging av felles avlaupsanlegg for Sangefjell. I følgje Ål kommune sine opplysninger har dykkar fritidseigedom gyldig utsleppsløyve og me kan difor etter gjeldande regelverk ikkje pålegge dykk å kople dykk til eit evt nytt avlaupsanlegg. Endringar i regelverket er påviste manglar ved anlegget i framtida kan endre dette.

Viss det vert utbygging av felles avlaupsanlegg for Sangefjell er det sjølv sagt ynskjeleg at flest mogleg koplar seg på anlegget. Difor minner me om informasjonsmøtet om utbygginga av felles avlaupsanlegg for Sangefjell **fredag 14. august kl 18.** Møtet vert på **kommunestyresalen på Tingstugu** (kommunehuset med inngang servicetorget) og ikkje på grendahuset i Breie slik det tidlegare var varsle.

Brev 5

Me viser til tidlegare informasjon om eventuell utbygging av felles avlaupsanlegg for Sangefjell. Ål kommune manglar opplysningar om utsleppstilhøva ved dykkar fritidseigedom. Det er sjølv sagt frivillig å legge inn vatn, men viss vatn vert lagt inn er det krav om gyldig utsleppsløyve. Viss det vert bygt eit nytt felles avlaupsanlegg for hyttene på Sangefjell, er det ynskjeleg at flest mogleg koplar seg på dette anlegget. Ål kommune er difor interessert i skriftleg attendemelding frå dykk om det er riktig at de pr no ikkje har innlagt vatn og om de er interesserte i å få lagt inn vatn i framtida.

Me minner om informasjonsmøtet om utbygginga av felles avlaupsanlegg for Sangefjell **fredag 14. august kl 18.** Møtet vert på **kommunestyresalen på Tingstugu** (kommunehuset med inngang servicetorget) og ikkje på grendahuset i Breie slik det tidlegare var varsle.

Med helsing

Reidun Aaker
Avd.leiar